

# Seminarlærer Jens Jossen, 1833–1885

## Ein utflyttar frå Nord-Østerdalen

Av Reidar Bækkelund



Jens Jensen, malt av kunstmaler Lars Jorde, 1913.

Foto: Bjørn Bækkelund

Jens Jossen er fødd på Høsøyen i Os, 27. mai 1833. Han var den yngste av fem syskjen. Faren Jens Thomassen Høsøyen var av same slekt som Hans Aasen, mannen som fyrste gongen fann koppar ved Røros i 1620. Mora var Sigrid Hansdotter Narjord. Eldste broren Thomas tok over slektsgarden. Dei to andre brørne tok fatt på læraryrket. Peder var den nest eldste. Han døde alt i 1854, og var da lærar ved Tromsø seminarium. Systera Ingeborg var gift med Peder Hansen Narjord, og Sigrid med Elias Prytz på Røros.

Jens prøvde seg først som lærarvikar i heimbygda. Han synte gode evner for yrket, og kom inn ved seminaret på Klæbu. Frå denne skolen gjekk han ut som den beste av elevflokket i 1854. Etter eksamen fekk han arbeid som huslærer for ungane til seminarlærarane ved Klæbu. I 1857 tok han over undervisninga til seminarstyrar N. Ulstad, da denne ble tingmann for søndre Trondhjems amt. Tida i Klæbu nytta han godt. Han lærte seg mellom anna ein del engelsk, fransk, latin og tysk. Frå hausten 1858 ble han andrelærer ved den nyoppretta høgre allmue-skolen på Røros. Denne skolen fekk raskt eit godt



omdøme på grunn av dugande lærarar. Interesse for samfunnsspørsmål førte han i denne tida også inn i politisk og kummunalt arbeid.

Etter at han var blitt gift med Marit Hansdotter Narjord (1832–1899) frå Os i 1859, trudde mange at han skulle slå seg til ro på eit gardsbruk i Galåen som faren åtte. Men trongen til skolearbeid gjorde at han ga opp dei tryggare kår som ein liten gard kunne gi på denne tida. Det vart oppretta ein lærarskole på Tynset i 1862. Han søkte seg dit og vart einelærer ved denne skolen dei seks åra han var i gang. Slike mindre skolar vart satt i gang for å skaffe kvalifiserte omgangsskolelærarar. Dei store seminara hadde lenger utdanningstid, og her fekk kjærkesongarane og lærarane ved fastskolane utdanninga si. Enda omgangsskolelærarane var i stort fleirtal, hadde dei til nå hatt dårlege utdanningstilbod. Så seint som i 1853 var forholdet mellom omgangsskole- og fastskolepostar som 5 til 1.

Hamar ble skilt ut som eige stift i 1863. Før den tid var det ein del av det store Kristiania stift.

Det var seminaret i Asker som skulle utdanne lærarar til dette store stiftet. Etter delinga fekk Hamar sitt eige stiftseminar i 1867. Dei andre lærarskolane i stiftet skulle då leggjast ned etter kvart. Lærarskolen på Tynset vart difor lagt ned alt året etter. Ved seminaret på Hamar meldte det seg snart så mange elevar at dei måtte sette i gang to klasser. Dei måtte då ha fleire lærarar. Av 17 søkarar til ein tredjelærarpost fekk Jenssen stillinga i 1868, og her kom han til å virke dei siste 17 åra av si tid. Han gjorde teneste som realkandidat ved seminaret, utan formell akademisk realutdanning. Dei to andre lærarane ved skolen var teologar utan særleg praktisk røynsle frå skole-

stua. Dette var nok grunnen til at Jenssen fekk stillinga. Styraren den gongen var Nils Hertzberg (1827–1911), og han skreiv til departementet at skolen hadde bruk for nettopp ein mann som Jenssen, «der havde de fornødne Kundskaber og den fornødne Dannelse forenet med den Erfaring og det Kjendskab til Almueskolen, som en længere Tids Virksomhed i dens Tjeneste maatte forudsættes at give.»

Jenssen hadde alt da skaffa seg ei kunnskapsmengd som mange akademikarar kunne misunne han. Tidlegare hadde han gått eit kurs ved Den gymnastiske Centralskole, og nå vart han sendt til Kristiania for å være med på eit tre månaders kurs i naturfag, bokføring, konstruksjonteikning og hagedyrking, som det nye seminarreglementet kravde.

Etter dette kurset fekk han plikt til å undervise i alle realfag. Men skort på lærarar gjorde at fagkrinsen hans alt frå starten kom til å femne rekning med romlære, musikkteori med salmodikonspel, historie, geografi, naturfag, teikning og praktiske øvinger i «udvalgte Stykker af Læsebogen.» Han fekk i tillegg kasseraroppdraget og tilsynet med biblioteket ved skolen. Denne faggruppa og desse oppdraga hadde han i alle år han var ved seminariet. Men da det i 1877 vart tilsett ein mellembels fjerdelærer, slapp han musikkundervisninga.

Eit kurs på tre månader var sjølsagt ikkje nok til å førebu framtidige lærarar i realfag. Oppgåva vart difor å setja elevane på gli og få dei til å arbeide vidare og sjølvstendig med faga. Det galdt difor å leggja eit godt grunnlag, og det viste Jenssen dagleg at han greidde. Eigenskapar som klår og rask oppfattingssevne, eit skarpt praktisk



oversyn og eit godt minne gjorde at han av kolleger og venner ofte vart kalla eit konversasjonsleksikon. Han visste sikkert og klårt svar på det meste han fekk spørsmål om, og for kvar tid som gjekk, skaffa han seg nye kunnskaper frå mange ulike felt.

Trass i arbeidsmengda lot det til at han aldri hadde for mye å gjøre. Han var munter og vennleg mot alle. Undervisninga hans var grundig og klår. Den lange røynsla han nå hadde i metodisk tilrettelegging av kunnskapsstoff og praktiske øvinger, ga han nok mange fortrinn framfor sine teologisk skolerte kolleger. Han fulgte godt med i den pedagogiske utviklinga og var rask til å trekke ut det han meinte var brukbart for skolen. Men han var og ein avgjort motstandar av nye idear som han ikkje trudde ville gagne undervisninga.

For elevane var han læraren med liv og sjel. Han skapte interesse i alt. Var han først framme ved kateteret gjekk tida av seg sjøl, sa Thore Myrvang, som var eleven hans frå 1875 til 1877. Dei merkte aldri at han kunne være sjuk eller uopplagt. Heller ikkje lot han seg merke med sjukdom i heimen, noe elevane visste om, men aldri merkte. Han brukte ofte døme frå dagleglivet for å greie ut innfløkte emner. Ofte kunne han være spøkefull. Ein elev som brukte det meste av sparepengane sine hos frukthandlaren, fekk ofte til oppgåve å rekne ut kor mange epler og pærer han kunne få for pengane sine. For kameratane var det og fornøyeleg kvar gong denne eleven måtte rekne ut «rosinvekta» i fysikken, eller «appelsinsnittet» i stereometrien. For dei fleste gjekk det snart opp at han ofte ga slike oppgåver for å slipe vekk kantar hos elevane og gjera dei medvetne om kva folk kravde av ein

lærer også utanom skolestua. Å eta mye frukt var sløseri i dei tider. Ein lærar måtte syne den rette vegen for folk gjennom sitt eige eksempel. Difor brukte han ofte «skrubbhøvelen», som han sjøl kalte det. Han la vekt på å gjera seminaristane til lærarpersonlegdomar. Ungane i skolen hadde eit skarpt auge for ugjerder ein lærar kunne ha lagt seg til. Difor tok han og med slike ting ved kritikken under praktiske prøver, sjøl om seminaristane kunne synes dette var unødvendig pirk.

Fagkrinsen på seminaret var vidstrakt i forhold til læretida. Det skulle lærast mangt. Difor kunne ein ikkje alltid lære så mye i kvart fag. Jenssen brukte å si: «I dette faget har vi ikkje tid til å gå så grundig til verks. Når dere er ferdige her, må dere ikkje tru at de er fullærte. De har berre fått ein munnsmak. Men eg vil freiste å gjera det slik at det vert merksmak.» Og til det var Jenssen ein meister. Ved livleg og åskodeleg framstilling av hovudpunktane vakte han lærelyst. Etter kvart viktig avsnitt, peikte han på interessante emner som det ikkje vart tid til å gå nøyere inn på. «Her er stoff nok til studiar på eiga hand, og her er feltar som vitskapen ennå ikkje har greidd ut. Her har alle høve til å gjera store oppdagingar,» brukte han å si .

Da han tok til med undervisninga på seminaret, kunne han ikkje så mye av dei nye faga. Den første botanikktimen sin starta han med å si til elevane: «Dette faget har eg aldri lært noko av. Dere kan omtrent like mye som læraren. Men nå skal vi gå ut og finne planter og studere saman, så skal vi sjå kven av oss som greier det best.» Så bar det ut i skog og mark. Med læraren i midten og elevflokket rundt, satte dei i gang med å finne ut



det som floraen kunne fortelja om planten. Han lot elevane diskutere seg fram til resultatet. På den måten lærte dei alle botanikken. Lærarautoriteten tapte ikkje på det. Når interessa for nettopp dette faget rakk lenger enn til eksamen hos mange, var denne framgangsmåten truleg årsaken.

Historieundervisninga hans hadde preg at dramattikk og livleg framstillingsform. Han var ein meister i å nytta «det levande ordet». Den same klåre uttrykksforma gjekk att i alle fag, og han var rask til å utnytte humoren der den høvde. Men under denne spelande overflata gjekk det ein straum av religiøst alvor. Sjeldan kom denne straumen fram i dagen. Men elevane gløynde ikkje så lett orda hans, når talen kom inn på kva vantru naturvitenskap kunne by i staden for tap av tru på guddommeleg åpenberring. Her tente han eldhug som gjekk ratt til hjartet hos mange elevar.

Jenssen hadde eit kameratsleg forhold til elevane også utanom skoletida. Han var alltid med på det faste samrødingsmøtet som var kvar veke. Her var han med i ordskiftet, leidde debattantane tilbake til sporet når dei kom på avveggar, og nørte opp til nytt liv med absurde meiningar når debatten gjekk i stå på grunn av berre semje. Han var i det heile den av lærarane ved seminaret som elevane kom mest i kontakt med, og av den grunn den dei hugsa best mange år etter.

Utanom seminaret rakk Jenssen mange andre gjøremål. Han var timelærer ved cand.theol. Kr. Gløersens Pigeskole, som frå 1876 hadde førebuingssklasser til mellomskoleeksamen. Ved Hamar private amtsskole underviste han elevane om

grunnloven. Denne skolen var i gang frå 1874 til 1886 som ei motvekt mot Sagatun folkehøgskole.

Om sommaren var han lærar ved ei rekke offentlege lærarkurs, og instruktør ved gymnastikkurser. Han var og leiar for dei store leirsamlingane som seminarstyrar Nils Hertzberg fekk i gang i 1870-åra for skoleungdom frå Mjøsbjgdene. Jenssen var og medlem av skolekommissjonen på Hamar og var med i forstanderskapet for Pigeskolen etter at kommunen tok over i 1882. Utan å vera handverkar var han og ei årrekke formann i Hamar handverkerforening.

Han var og med i leiinga av Hamar og omegns skyttarlag, og fekk i gang dei første premierenn på ski i 1880, der seminareleiv Jon Hauge frå Telemark synte dei andre ungdomane korleis ein skulle renne i hoppbakken.

Frå 1872 var han og knytt til redaksjonen av Hamar Stiftstidende saman med seminarlærer Oluf Saxe. Men da Saxe vart valt som tingmann, var Jenssen åleine om redaksjonsansvaret frå 1876 til 1881, då avisa gjekk over på nye hender.

Han tok over som redaktør av Norsk skoletidende, da seminarstyrar Nils Hertzberg ble ekspedisjonssjef i Kyrkjedepartementet i 1873. Dette vart ei vanskeleg og tidkrevjande oppgåve for han. I lange tider var han heilt åleine med å skrive og samle stoff til bladet. Dette førte til liten avveksling. Innhaldet vart einsformig og tørt. Mange kritiserte bladet av den grunn og krevde meir av nyare pedagogiske synsmåtar og friare oppfatningar både av skolen og forholdet til kyrkja. Forsøk på å starte nye fagblad for lærarane førte ikkje fram. Til dømes kom Norsk skoleblad i gang i Drammen i 1874, men gjekk inn etter eit år. Det gjekk heller ikkje likare med For



Kirke-, Skole- og Folkeopplysning, som Olaus Arvesen ga ut på Hamar frå 1877 til 1879.

Med konkurranse frå andre fagblad, kom det og meire liv i Norsk skoletidende. Fleire tok til å skrive i bladet att, og gamle venner stødde opp under arbeidet med å få det ut. Men når konkurransen vart borte, forsvann og medarbeidarane. Jenssen var mange gonger inne på tanken å slutte med bladet. Men han følte samstundes at det var ei plikt for han både mot skolen og lærarkollegene å halde fram. Om bladet gjekk inn, ville radikale krefter få friare spelerom i skolen. Med oppmuntring frå kolleger og venner tok han eit redaktørår om gongen. Kanskje kunne den norske lærarstand vakne ein gong og sjå at den kristine folkeskolen var i fare. Kan hende at dei og kunne gjøre bladet til sitt organ og bruke det til kamp og forsvar. Ved energisk slit klarte han å redigere bladet til han døde i 1885. Mange av artiklane han skreiv, syner djup respekt for kristne verdiar i norsk skole. Eit krav om betre folkeskole hadde og samanheng med ei god lærarutdanning og med trygge økonomiske kår for lærarane. Slike tankar la han ofte fram i skoletidende.

På lærarmøter var han ein dyktig og skarp debattant, klår i uttrykksmåten, sterk og levande interessert. Under det store skandinaviske lærarmøte i Stockholm i 1880 var han sekretær, og under fleire stiftsmøter var han dirigent. Under stiftsmøtet på Lillehammer i 1884 holdt han og foredrag om ein pensjonsordning for lærarar.

Varm fedrelandskjærleik gjorde at han og tok del i dei politiske kampane i tida. Her var han avgjort konservativ i sitt grunnsyn. Han fekk oppretta grunnlovsforeningar i bygdene rundt byen,



Jens Jenssens gate på øvre Ankerlykkja, Hamar. Tverrgate frå Furnesvegen til Stavsbergvegen.

Foto: Bjørn Bækkelund

og var den første formannen i Hamar konstitusjonelle samfunn som kom i gang våren 1883. Her holdt han ofte foredrag og møtte fram til ordskifte.

Arbeidet for Hamar kommune var likevel det som tok det meste av tida han utanom skolearbeidet. Han var i mange år medlem av representantskapet før han i 1880 kom med i formannskapet. Han var ordførar i byen frå 1883 og til han døde. Stor arbeidskraft, dugleik og omfattande kunnskaper, gjorde at han vart ein god mann for kommunen.

Men ordførarstillinga var vanskeleg. At politiske motstandarar kunne vera brysame er kjent nok, men verre vart det når folk frå same parti ikkje kunne sameinast. Då den impulsive, men interesserte og energiske byfogd Carl Voss ikkje fekk fleirtal for ei lita sak i bystyret i 1884, vart han ergelig og kom med ærekrenkjande ord både til ordførar og representantar. Dette var nok grunn-





Minnestøtte på grava til Jens Jensen, reist av takknemlige elever, 12. juli 1887. Foto: Bjørn Bækkelund

en til at Jenssen i 1885 hadde tenkt å si frå seg vervet som ordførar. Men i sjøve valmøtet fekk han ein hard og urettvis dom av Carl Voss. Dette syntes han gjekk på æra laus, og han stilte likevel opp att som kandidat og vart attvalt berre mot ein

stemme. Det høyrer med til samanhengen at Voss vart satt under tiltale for oppførselen sin. Saka gjekk til høgsterett, der han vart dømt til bøter og saksomkostningar. To av domarane stemte for tap av embete. Berre «en upåklagelig undskyldningsskrivelse» gjorde at Voss slapp å miste stillinga fire år seinare, etter ei ny klage frå bystyret. Striden med Voss hadde da vart i fem år.

Striden med Voss må ha vori ei tung bær for Jenssen den siste levetida hans. I tillegg hadde han i mange år hatt sjukdom i heimen. Men både dette presset og politiske åtak i møter og aviser, bar han med stor ro. Ut over hausten 1884 vart det klart at han sjølv var sjuk. Matlysta vart borte og han fekk vanskar med å gå. Truleg var det hjartet som tok til å svikta. Men når han nådde skolestua og kateteret, kvikna han til, og han underviste som før med same energi og interesse.

Våren 1885 vart han så dårleg at legen satte forbod mot vidare arbeid. Han måtte få vikar til timane sine på skolen, og vararepresentantar måtte ta over kommunale verv og lagsaktivitetar. For å komme til nye krefter, dro han til Os, til den gamle heimen sin i Galåen for ei stutt tid. Men sjukdomen slo ut i ein kraftig vattersott. Dette gjorde at han fekk vansker med å gå, sjøl med krykker. Men åndskrafta var heile tida usvekket. Han hadde framleis både humør og kamplyst, og klaga aldri over sjukdomen. Med kolleger og venner hadde han mange gode samtaler i denne siste tida. Kort før han sovna inn for godt den 9. oktober 1885, sa han fram for seg sjøl dei ni saligprisingane frå bergpreika.

Pastor Hans Erichsen forretta under gravferda. Biskop Halvor Folkestad og seminarstyrar Oluf Saxe talte ved grava. Heile kommunestyret, ei

mengd med venner og kolleger, og svært mange elevar av eldre og nyare årgang var møtt fram. Det var venner og seminarelevar som reiste minnestein på grava hans. Den vart avduka under ei høgtid på Hamar kyrkjegard den 12. juli 1887.

Jens Jenssen var ein stor lærarpersonlegdom. Undervisning var det sentrale i givnaden hans. Han var ein trufast medarbeidar og hadde ei arbeidskraft utan grenser. I tillegg til den store kunnskapsmengda han skaffa seg, var han ein praktisk mann som alltid visste råd for uråd.

Gjennom ei omfattande skribentverksemd hevda han klare standpunkt og sunne pedagogiske prinsipp. Som ordførar klarte han å sameine skapande politisk evne med samlande personlege særkjenne. Han var ein stor og staut mann, «rett likesom skaaren ut af Fjeldet,» forteller Nils Hertzberg, «hvor mang en Byrde som jeg hadde at bære tok han ikke på sig!» Han var ein nord-østerdøl som gjorde ære på heimbygda si der han fekk virke.

## Kjelder:

- Norsk Biografisk leksikon VII (s. 20–21, av Einar Boysen)
- Chr. I. Rieber-Mohn: Hamar Stiftstidende 1847–1947.
- Eyvind Lillevold: Hamars historie (1949)
- Helge Dahl: Hamar lærerskole gjennom 100 år (1967)
- P. Bjørnæs: Mindeblade over Jens Jenssen (1886)
- Sanger ved avsløringen av minnesteinen  
over seminarlærer Jens Jenssen (1887)
- Norsk skoletidende (1886)
- Stortingets Komitee-Indstillinger 1865–1866.